



Tidlegare sokneprest Gunnvald Bjtveit heldt føredrag om misjon.

Rundt 30 fann vegen til Uskedal kyrkje då det onsdag var temakveld med tittel MISJON FØR OG NO -
treng vi misjon i dag? Hovudføredraget var ved tidlegare sokneprest i Kvinnherad Gunnvald Bjtveit, og
elles deltok sokneprest Lina Håland og organist Marit Lindekleiv i programmet.



Marit Lindekleiv spela til salmane.

Etter at Eli Roseth Eik ønskte velkommen frå arrangøren Uskedal sokneråd, vart det salmesong som ramma inn føredraget til Bjøtveit. Før føredraget vart salmen **Rop det ut med hjertets jubel** sungen, medan **Der det nye livet lever** vart sungen etter føredraget. Marit Lindekleiv sytte for akkompagnement på piano til begge salmane.

Tidlegare sokneprest i Kvinnherad, Gunnvald Bjøtveit, som flytta frå Kvinnherad til Bømlo for 28 år sidan, heldt eit innhaldsrikt og interessant føredrag på vel timen. Med utgangspunkt i misjonsbodet i Matt. 28 fortalde han først korleis kristendommen breidde seg med stor fart frå Midt-Austen både mot aust og vestover i Nord-Afrika og til Italia og heilt til Spania dei første 200 åra. Seinare var han innom korleis vikingane bragte kristendommen til Norden. I den samanhengen var han sjølv sagt innom Olav Trygvason (995 e.Kr.) og seinare Olav Haraldson (1024 e.Kr.) sine møte med Moster, og bygginga av den kristne kyrkja der.

Siste halvtimen dreia seg om misjonsaktivitet ute, og då heldt han seg mest til Det Norske Misjonsselskap, skipa i Stavanger i 1842, sin aktivitet då det var den han hadde best kjennskap til. Han kunne fortelja at to kvinnheringar var med under skipinga av misjonselskapet som alt etter kort tid (1843) oppretta Misjonshøgskulen for å skulera dei som skulle reisa ut som misjonærar.

Frå starten i arbeidet til Misjonselskapet fortalde han at første misjonæren til Zululand, Hans Schrøder, verka i heile 14 år før første zulukvinna let seg døypa. Det var til gjengjeld hushjelpa til misjonæren. Bjøtveit sa vidare at dei første misjonærane hadde nok ikkje den store kunnskapen, men dei hadde eit stort kall, - eit livskall.

Kjerneoppgåvene til misjonærane har vore evangelisering og kyrkjelydsbygging, skule og utdanning, barneheimar/barnehagar og helsearbeid.

Bjøtveit var også innom det store arbeidet som alle misjonsforreiningane hadde gjort. Dei hadde si glanstid i 50- og 60-åra då det fanst misjonsforreiningar i kvar einaste bygd på ein viss storleik. Talet på desse har gått kraftig på ned. Dette såg Bjøtveit også her i kommunen. Mange av dei aktive misjonsforreiningane som var i Kvinnherad då han kom til kommunen, er ikkje i aktivitet lenger. Talet på misjonærar som er ute på misjonsmarka er også blitt kraftig redusert, og tida dei er i verksemd er også mykje kortare. Føredraget til Bjøtveit var godt gjennomarbeidd og inneheldt mykje interessant stoff.

Ein kaffipause med beinstrekk og litt drøys gjer alltid godt. Slik var det i kveld og. Det vart servert julebrødsquirer

med brunost og kvitost, kjeks, twist og frukt.



Lina fortalde frå reisa ho nyleg gjorde til India og song vakkert til avslutning.

Etter pausen fortalde sokneprest Lina Håland om reisa ho nettopp hadde til Umred Children Home i India. Mora hennar, Margunn Håland, er ein pådrivar når det gjeld å skaffa pengar til denne barneheimen der det bur 22 barn. Faren, Sigmund, er forretningsfører, og elles er det eit styre som står for drifta. Den vart starta i leigd bygg i 2007, det vart kjøpt tomt i 2014, og for eit år sidan vart nytt barneheimsbygg innvia. Lina fortalde levande og interessant frå opphaldet sitt der før ho avslutta med ei nydeleg framføring av den fine salmen **Det er navnet ditt jeg roper**, der melodien er ein skotsk folketone.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland